

Knarvik IL
POSTBOKS 87
5902 ISDALSTØ

08.06.2015

Deres ref.:

Saksbehandler:
Bjørg Larsen

Søknadsnr: 14/02636

Arkiv nr: 2014/1273-11

**FORDELING AV MIDLAR TIL IDRETTSANLEGG 2015 - TILSEGN OM ORDINÆRE
MIDLER TIL ANLEGGSNR 1263 0006 02 KNARVIK IDRETTSANLEGG
FRIIDRETTSANLEGG - LINDÅS KOMMUNE.**

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde anlegg.

Ved fordeling av spelemidler vart søknaden imøtekomen med eit tilskot på
kr 72 000.

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

Det kan søkjast om delutbetaling når anleggsarbeida er kome godt i gang. Søknad om delutbetaling må innehalde eit delrekneskap og ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.

Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.

Sluttutbetaling vert ikkje gjort før kontrollert rekneskap er sendt inn saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Kommunerevisor må kontrollere rekneskap ved tilsegn om tilskot over kr 100 000,-. For kart skal i tillegg eit eksemplar av kartet leggst ved.

Alle utbetalingar skjer via den kommunen der anlegget er fysisk plassert.

Dersom det gjeld fornying av søknad, skal denne leverast på elektronisk skjema.

Orientering om byggearbeidet og førebels rekneskapsoversikt skal leggst med, sjå V-0732.

Dersom anlegget er ferdigstilt, skal kontrollert rekneskap leggst ved søknaden.

Vidare viser vi til føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732.

Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kulturdepartementet for endeleg avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida <http://www.signform.no/dss/>

Med helsing

Anna Elisa Tryti
Fylkeskultursjef

Britt Karen Spjeld
Fylkesidrettssjef

Kopi: Lindås kommune